

Fusa Kommune

Dato: 08.05.2017
Vår ref.: 2017/63-40
Saksbehandlar: terhaug
Dykkar ref.:

Att. Erik Vangsnes

Søknad om tilskot frå prosjektet Rom for møte

Vi viser til søknad om tilskot til Rom for møte.

Ved søknadsfristen 31. mars var det kome inn 16 søknadar med samla søkesum på om lag kr 500 000. Vi har totalt kr 180 000 til fordeling i prosjektet Rom for møte i 2017. Det var diverre ikkje rom for å støtte søknaden frå Fusa i år.

Det kom inn mange gode søknader, prioriteringa har vore gjort med utgangspunkt i føremålet for prosjektet, som er at folkebiblioteka kan spele ei viktig rolle for å oppnå politiske målsetjingar innan inkludering, integrering og utjamning av digitale skilnader.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling har gjeve fylkesrådmannen fullmakt til å fordele midlar til prosjekt i kommunane etter utlysing og i samsvar med prosjektplan. Tildelingar vert å leggje fram som referatsaker for utvalet.

Venleg helsing

Ruth Ørnholt
fylkesbiblioteksjef

Terje Haugsgjerd
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.